

**Vasslekkasje innanfor Kleivadalen**

08.11.2010

**Det er ein eller fleire vasslekkasjar innanfor Kleivadalen og abonnentane bør sjekka om dei kan finna lekkasjane og melde ifrå til vassverket.**

**Lekkasjane er no avslørt gjennom ein stenging av vatnet, opplyser vassverkleiar Hans Reidar Kjærland til uskedalen.no**

Ein ser heller ikkje bort ifrå at det kan vera lekkasjar frå grana og innover.

uskedalen.no fekk elles i kveld melding frå ein oppsittar i Geilo om brunt vatn i springen. Kjærland seier at det har samband med at vatnet har vorte avstengt og så har vorte opna att. Det fører gjerne til at belegg i røyrane blir frigjort.

Ved at ein opnar for tapping ei stund blir dette problemet fjerna, opplyser vassverkleiaren.